

Når uskedelingane imorgon kveld får sjansen til å møta oddingen Frode Grytten saman med Mads Berven i Dønhaugkjedlaren må det karakteriserast som ein stor både musikalsk og litterær begivenheit.

Gryttens stikkordmessige biografi fyllar 7 tettskrivne sidar og det er nærmast utroleg kva han har rukke på sine 53 år: Ei diktsamling, 9 samlingar med noveller, 4 barnebøker, 3 romanar, ei reiseskildring, ei artikkelsamling og mykje meir. Han har fått både Brageprisen og Rivertonprisen og har vore nominert til Nordisk Råds litteraturpris.

Det store gjennombrøtet fekk han med romanen Bikubesong i 1999, som også har danna grunnlag for eit teaterstykkje.

Grytten vaks opp på Hjøllo som son av ein frisør og ein møbelseljar og skildrar seg sjølv som sjenert framleis.

For å overvinna sjenansen har han skapt alter egoet Arne Speed Mikaelsen og har klart å opptre som denne personen framfor 1500 i Grieghallen! Han har også ei tid i ungdommen vore journalist i Bergens Tidende.

Grytten skriv det som nokon har kalla underdriven prosa, han har ein hardkokt, lakonisk og enkel stil og brukar sjeldan framandord eller store ord. Ofte må ein lesa mellom linene for å forstå kva som eigentleg går føre seg.

Det er også mykje humor i bøkene hans utan at han freister å forklara kvifor eller om noko er morosamt eller ikkje.

Musikk spelar og ei viktig rolle, det vil dei som går på Dønhaug sikkert få sanne.

Av Ola Matti Mathisen